

Nordhordland Utviklingsselskap IKS – Budsjettføresetnadar 2015 og kommentarar

Generelt

I budsjettet for 2015 er der lagt inn innbetaling frå medlemskommunane på kr 9,1 mill., inklusiv innbetaling til spesielle prosjekt. Det er ein stor auke frå 2015 og det skuldast i hovudsak at IKT strategi er flytta over frå Osterøy kommune til Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI). Dette utgjer kr 3,6 mill.

Det er ein usikkerheit knytt til dei eksterne inntektene som er budsjettert til dei ulike prosjekta, som til dømes til helsehus. Dette skuldast at me ikkje veit kor mykje prosjektstøtte me vil få frå ulike søknadssteder. Uavhengig om vi får ekstern finansiering av desse prosjekta, så er dette prosjekt som regionen ønskjer skal gjennomførast. Det som står oppført på helsehuset i budsjettet, er det som går på utvikling av tenestene som skal vere i huset. Sjølv investeringsprosjektet vil bli ivareteke av eit eige selskap.

Me foreslår difor at ein gjev ei generell løyve til å nytte inntil 1 mill. kr frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert. Den fullmakta til å kunne nytte midlar frå disposisjonsfondet vil særleg vere aktuell til å finansiere prosjekta kommunestruktur, samhandling, biosfære og eventuelt den generelle drifta til Regionrådet. Me planlegg å innføra sak/arkiv frå nyttår. Dette for å fylgja lovverk. Kostnaden første året vil vera om lag kr 100 000, der investeringa er om lag kr 60 000 og drift kr 40 000,- NUI har ikkje budsjettert dette med å auka medlemsavgifta til kommunane i 2015, og ser det heller om nødvendig som naturleg å henta dette frå tidlegare års overskot / disposisjonsfondet.

Det vil også kunne vere aktuelt å söke om prosjektinntekter for å finansiere eksisterande eller nye prosjekt. Den auken i eksterne inntekter vil kunne gi ein tilsvarende auke i kostnadane, men det skal ikkje føre til auka kostnadalar for kommunane.

Det er budsjettert med 4 % lønnsauke i 2015. Det er budsjettert med 6 årsverk. Dette er endra i forhold til 2014 grunna at strategimedarbeidar IKT blir overført frå Osterøy kommune til NUI. Ein person tek ut AFP i 40 % frå 01.01.14, og me har ein person på eit prosjektengasjement i storleik 40 %. Dette skal finansierast av prosjekta Biosfære og Vassområde.

Pensjonskostnadane er usikre. Budsjettet tek utgangspunkt i prognosene frå KLP. Me samlar alle lønnskostnadene og faste kostnadene som er knytt til husleige, IKT, telefoner m.v. på prosjekt 1. Kostnadane vert så fordelt på dei ulike prosjekta med å bruke artane 12900 – interne kostnadalar / 17900 – interne inntekter.

Direkte kostnadalar som kurs, opplæring, kontingentar, reise m.v. vert ført direkte på kvart einskild prosjekt.

Kommentar til nokre av prosjekta og dei forslaga som er til budsjett for 2014

1 – Administrasjon – drifta av Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Inntekter

- Medlemskontingent kommunane – aukar med kr 203.000,- til kr 3.553.000,-. Det er ein auke som er større enn lønns- og prisvekst og kan forklarast ut i frå tre forhold:
 - ✓ Bortfall av støtte frå fylkeskommunen med kr 217.000,- til administrasjon (partnerskapsavtale).
 - ✓ Auka pensjonskostnadene i 2015
- Kommunane sin kontingen BRB – kr 437.000,- 10 kr pr. innbyggjar – uendra sats pr. innbyggjar (motpost med kostnadene)
- Kompetanseprosjektet – kr 362.000,- . Aukar med 3 %
Kontingen BRB og kompetanseprosjektet har ein tilsvarende kostnadspost hos NUI
- Interne inntekter – i og med at NUI administrerer ein del prosjekt og gjer ein jobb for desse så må NUI ha betalt for dette. Da må dei ulike prosjekta belastast ein intern kostnad, og prosjekt 1 får ein intern inntekt på 1,7 mill. kr.

9 – sekretariat kontrollutvala

Inntekter

- I 2015 er der budsjettet med kr 640.000,- i inntekt frå kommunane, det er uendra frå 2014. Vert fordelt med kr 60.000 som ein fast sats pr. kommune og resten etter folketal.
- Det er budsjettet å bruke kr 29.000,- frå fondet.

Kostnader

- Der er tenkt å nytte om lag 0,6 årsverk.

24 – Samhandlingsprosjektet

Inntekter

- I 2014 budsjetterer me ikkje budsjettet med prosjektinntekter.

Kostnadar

- Utover prosjektrelaterte oppgåver ser ein at prosjektleiar gjer mange oppgåver som er direkte knytt opp mot kommunane si oppfølging av samarbeidsavtalar med helseføretak og sjukehus. Dette er særleg retta mot arbeid i Samarbeidssekretariatet og arbeidsoppgåver/roller i samarbeidsstrukturen mellom kommunar og sjukehus.
I 2014 ser ein at omlag 50 % av stillinga til prosjektleiar er knytt opp mot sekretariatsfunksjonar i samarbeidsstrukturen mellom kommunane og med helseføretak og sjukehus, om lag 40% vil vera knytt til helsehusprosjektet og resten er tid brukt til koordinering av prosjekt/oppdrag NUI har i samband med ulike samarbeidsprosjekt.
- Kjøp av konsulenttenester er avhengig av kva tiltak/prosjekt kommunane vil prioritere å gå vidare med eller starte utgreiingar av i 2014. Dette må vurderast nærmare når den regionale planen for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta er vedteken.

25 – Helsehusprosjektet

Den delen av heleshusprosjektet som går på utvikling av tenestene vil vere igjen hos NUI. Det vil vere ein omfattande jobb i 2015 og fleire medarbeidarar i NUI inkludert dagleg leiar vil jobba mykje med prosjektet. Sjølv investeringsprosjektet for bygget vil bli ivareteke av eit eige selskap – Region Nordhordland Helsehus IKS.

35 – Kommunestruktur

I 2014 har ein motteke skjønnsmidlar. Ein god del av desse midlane er brukte, medan ein vil søkja overføring av resten til 2015. NUI føreslår at restmidlane vert nytta til fellestiltak i 2015 som Regionrådet og rådmannsutvalet går inn for. Det er mellom anna planar om ein studietur.

32 – Biosfære

Inntekter

- Det er budsjettet med kr 451.000 frå kommunane (+ Øygarden kr 51.000) og kr 881.000 i midlar frå eksternt.

Kostnader

- Det er budsjettet med kjøp av tenester for 650.000,-. Den interne ressursbruken er satt til kr 682.000,-.

4 – IKT strategi

Rådmannsutvalet og Strategigruppa IKT har sett det som meir naturleg at dette prosjektet vert plassert hos NUI enn hos Osterøy kommune. Det vil gjøre det enklare å sjå dette prosjektet i samanheng med resten av utviklingsarbeidet i regionen.

Andre prosjekt

Til dei andre prosjekta har me ikkje nokon særskilte kommentarar til prosjekta. Dei er dekkja med prosjektmidlar eller bruk av fond. Slik vi vurderer det skal det ikkje vere nokon risiko med omsyn til finansiering i desse prosjekta. Når det gjeld prosjekt 14, 15 og 16 er det løyingar som går til ulike tiltak og dei vil vere finansiert med eigne prosjektnintekter eller fondsmidlar. Her gjer NUI ein administrativ jobb som inngår i drifta til NUI. Desse løyingane kan avvike frå det som er satt opp i budsjettet, men prosjekta skal vere i økonomisk balanse.

Knarvik, 26. november 2014



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingselskap IKS

Vedlegg:

- Budsjett 2015